

debatt

Avisa Nordhordland, Kvernhusmyrane 29, Knarvik Senter, 5914 Isdalstø - Tlf. 56 35 55 55 - fax: 56 35 55 56
 e-post: avisa@nordhordland.no (mrk. lesarbrev)
 Debattinnlegg du ønsker på trykk sender du til avisa@nordhordland.no. Alle innlegg må skrivast under med fullt namn. Lange innlegg kan bli korta, skriv maks 3000 teikn.

Jubileums-konsert for organisten

Kantor Boris Kuprijanov 60 år. Mandag 30.april kl.19.00 er alle velkomne til konsert i Ostereidet kyrkje!
 Konserten er ei 60-årsgåve til kantor Boris Kuprijanov, og difor er ikkje heile programmet offentleg enno. Koret OsterKlang og Brekke mannskor kjem sjølvsgagt. Solistar på song, orgel, trompet og kantele kjem også. Dei er alle på plass for å feire Boris denne kvelden. Konferansier vert Eilif Løtveit. Det blir sal av billettar, og eit evt. overskot blir sett av til eit konsertfond disponert av soknerådet ved Boris.
 Alle er velkomne til festsamver med kaffi, kaker og lett underhaldning i underetasjen etter konserten. Det blir høve til helsingar.

Arr. Osterfjorden sokneråd.

U864

Kjære regjering og Lisbeth Berg Hansen. Tør de verkeleg ta den store sjansen? Og ikkje stå ved det de har lova. Då er det ikkje rart du ikkje får sova.

Me her på Fedje er ganske høgt gira, For å få opp kvikksølvet frå U864. Men tida den går og ingen ting hender. Mens regjering og kystverk nye utredningar sender.

Det er ikkje rart me har gjort oss våre tankar, Om dei som styrer og i regjeringssyngget vankar. Dei har jo sagt at det ikkje på pengar skal stå. Så kvifor skjer det ikkje meir då?

I 2003 dei ubåten fann. Tydleg prega av tidens tann. Men leitemannskapets store skrekk, Er at midtseksjonen er borte vekk.

Tildekking av vraket var rådet me fekk. Lat oss fylla på stein og gøyma det vekk. "Men kvinner sjølv stod opp og stridde, som de vare menn" Var det desse han tenkte på, diktaren, då han dikta den? Råd frå eit samla Fedje dei fekk. Ubåten må opp, og kvikksølvet vekk. Me eit ansvar for vår etterslekt har, No håpar me på eit positivt svar.

Så skreiv me anno 2009. Og det såg ut for at regjeringa var på gli. "Me innser at me ikkje anna tør, Enn feia for vår eiga dør."

Til neste år me 10-års jubileum har. Så då får me sjå kva val me tar. Er ubåten oppe? Det tvilar eg på. Så kanskje me ei ny regjering må få?

Einar Thomassen

Farande fuglar på utvandringssenteret

Onsdag kveld fekk dei fram-møtte ei god innføring i korleis dei ulike trekkfuglane tilpassar seg naturen og om kvifor og korleis dei migrerer. Førdragshaldar, Nils Røv (NINA), snakka kring temaet «Migrantar med fjør» og spela munnspel. Førdraget vart halde på Radøytova på Sletta. Han viste oss fuglefoto på lerret. Røv starta førdraget med ei forteljing om migrasjon hjå oss menneske og viste til at menneske alltid har vore på vandring. Han viste også korleis villdyra vandrar over store område. Etter førdraget på Radøytova var det utstillingsopning i det vesle rådhuset i emigrantlandsbyen på Sletta. Kunstnar Amy Lightfoot fortalde om utstillinga «Fugleåret - folketro og fakta». Utstillinga med 12 litografi står på utvan-



Nils Røv i aksjon under førdraget på Sletta.

dringssenteret til og med søndag 3. juni. Utstillinga høver for alle aldersgrupper og kan sjåast i museet sine opningstider og elles etter avtale.

Kjell Olav Hjellum, medlem i veneforeininga ved Vestnorsk utvandringssenter


SPV.NO TLF 05555

EIGEDOMS- OG NÆRINGSMEKLING

SKADE- OG LIVSFORSIKRING

LEASING OG FINANSIERING

INVESTERING OG PLASSERING



Personleg rådgivar der du er

Vi er den lokale storbanken på Vestlandet og har vore ein naturleg del av lokalsamfunnet sidan 1823.

Som kunde hos oss kan du få din eigen personlege rådgivar som du kan prate med over bordet. For det er mykje lettare å finne gode løysingar på viktige spørsmål om finansiering, sparing og forsikring ansikt til ansikt. Hos oss kan du vere trygg på at du alltid får gode vilkår, og råd som er like kloke i morgon.

Vi har om lag 70 kontor i by og bygd. For oss er det viktig å vere der kundane våre er, og ha dyktige rådgivarar som er tett på lokalmiljøet.

Vi er herfrå. Det gjer ein forskjell.



Rådgivarane våre blir autoriserte gjennom autorisasjonsordninga AFR.

SparebankenVest